
Saknr: 2020/1929-4
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutval for ungdom		01.02.2020

Invitasjonar og tema for orienteringar i møter 2020

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Samandrag

Vestland ungdomsutval har høve til å invitere dei ulike avdelingane i fylkeskommunen inn i utvalsmøta for å orientere om aktuelle tema som fell innanfor ungdomsutvalet sitt arbeidsområde. Utvalet vert no bedne om å ta stilling til kva tema dei ynskjer orienteringar om vidare i 2020.

Bertil Søfteland
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad
utvalssekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland ungdomsutval skal ha sitt første møte 31. januar i samband med helgesamling 31. januar-søndag 2. februar. Møtestaden er Thon Hotel Jølster, Skei.

Utvalet skal i dette møtet fastsetje sin eigen møteplan for møter og samlingar i 2020.

Det vil då vera viktig at ein også tek stilling til kvar møtestaden skal vera når ein ynskjer å invitera dei ulike avdelingane i fylkeskommunen inn til utvalsmøtene.

Forslag til møtestader og tema vil bli lagt fram i førstkomande møte 31. januar.

Konklusjon

Vestland ungdomsutval vert beden om å fastsetje møtestad for sine utvalsmøter i 2020.

Utvalet må også ta stilling til kva tema dei ynskjer orientering om i komande møter utover i 2020.